



Jens Manger

Dykkar ref.

Vår ref.

26/5306 - 3

Dato

08.06.2026

Saksnr.	Utval
62/26	Utval for kultur og næring

Vedtak: Søknad om bygging av midlertidig landbruksveg gbnr 153/1

VEDTAK:

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Voss heradstyre 28.02.23, vert det gjort fylgjande vedtak:

Med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3.2 – andre avsnitt, vert det gjeve løyve til etablering av midlertidige driftsvegar i samband med hogst på gbnr 153/1 i Voss herad. Driftsområdet går fram av søknad datert 02.06.26. Godkjenning vert gjeve på fylgjande vilkår:

1. Alle vassvegar i terrenget skal oppretthaldast i lågbrekk langs veg og ved etablering av vegkryss må det sikrast at naturleg drenering ikkje vert endra.
2. Kryssing av årsbekkar bør fortrinnsvis skje ved bruk av tømmerbru.
3. Planlagt hogstområde ligg innanfor aktsomhetskart for snøskred (NVE) som må omsynstakast ved etablering av vegnett og uttak av skog.
4. Deaktivering av midlertidige driftsvegar skal gjennomførast etter drift og traseen skal tilplantast etter hogst. Voss herad skal varslast før arbeidet er avslutta.
5. Ved funn av automatisk freda kulturminne skal Vestland Fylkeskommune utan opphald varslast og avklarast før arbeidet kan fortsette.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12, det er ikkje komen fram registrerte miljø og kulturverdiar på omsøkt areal.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf forvaltningslova §§ 28-36 og § 4-1 i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier. Mogleg klage vert å stile til Statsforvaltaren i Vestland og skal sendast til Voss herad seinast 3 veker etter at klagaren er gjort kjend med vedtaket.

DOKUMENT I SAKA:

26/5306-1: Søknad om bygging av midlertidig driftsveg, datert 02.06.26

26/5306-1: Fullmakt til å søke på vegne av skogeigar, datert 31.05.26

FAKTA OM SAKA:

Nortømmer AS søkljer på vegne av eigar av gbnr 153/1 om å etablare driftvegar i samband med hogstuttak av skog i området. På vedlagte driftskart av 02.06.26 er aktuelle driftsvegar lagt inn i skogteigen.

VURDERING AV SAKA:

Driftsteknikk med hogstmaskin, lassberar og gravemaskin er ein driftform som er relativt vanleg på Vestlandet og som vert nytta der forholda ikkje ligg til rette og der bruk av taubaneutstyr ikkje er aktuelt. På omsøkte areal er planlagt driftsteknikk vurdert til å vere rett val av driftsmetode.

Midlertidige driftsvegar for lassberar vart bygd av stadeigne massar og vegen har ein funksjon under drift. Desse vegane vil ikkje ha nokon funksjon etter hogst og vert normalt deaktivert etter drift der det kan vere fare for erosjon. Trase for midlertidige vegar vert tilplanta etter hogst. Omsøkte søknad om midlertidig driftsveg ligg i grenseland for kva som er søknadspliktige tiltak, men er vurdert og handsama som eit søknadspliktig tiltak.

Søknaden er vurdert etter landbruksfaglege og miljøfaglege kriteriar. Det er vektlagt at samla driftsteknisk plan løyser ut hogstmoden i skog på eigedomen . Ved sjekk av ulike temalag i Kilden er det ikkje registrert kultur- og miljøverdiar som det må takast omsyn til ved omsøkte tiltak. Omsøkt midlertidig driftsveg er vurdert til ikkje medføre auka fare for flom, erosjon og lausmasseskred gjennom vilkåra som er sett i godkjenninga.

Med venleg helsing

Vidar Jørdre

Leiar byggjesak og næring

Tlf:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til

Øystein Lindberg

Lindbergsvegen 64

5706

Voss

